


# Trafikksikringsplan for Tysnes kommune 2022 - 2026

## Vedlegg: Analyse av trafikulykker i Tysnes kommune 2011 – 2020



Dato: 07.07.2022

## **Innhold**

<b>1 Samandrag</b>	<b>3</b>
<b>2 Datagrunnlag</b>	<b>4</b>
<b>3 Status</b>	<b>5</b>
<b>4 Ulykker i Tysnes</b>	<b>10</b>
4.1 Trafikkulykke og skadeomfang	10
4.2 Kjønn- og aldersfordeling	15
4.3 Tidsfordeling av ulykker	17
4.4 Geografisk fordeling av trafikkulykker	18

## 1 Samandrag

Dette dokumentet inneheld ein analyse av ulykker i Tysnes siste 10 åra i perioden 2011 - 2020. Analysen er basert på Statens vegvesen sin nasjonale vegdatabank NVDB. NVDB gir ein oversikt over politirapporterte ulykke med personskade i vegtrafikken. Ikkje alle ulykker vert rapportert inn til Politiet, og kjem følgjeleg ikkje med i statistikken. Det er særleg dei mindre alvorlege ulykkene som er underrepresentert. Dette gir at det i realiteten er fleire ulykker enn den offisielle statistikken synar, og at det difor kan ha skjedd ulykker på andre stadar enn det som kjem fram i statistikken.

Dei fleste ulykkene er knytt til Fylkesveg 549 som kryssar kommunen på langs frå Lukksund/kommunegrensa mot Bjørnafjorden kommune i nordaust til Hodnaneset i sør, totalt 20 hendingar. Vidare er Fv 5086 nest mest utsett med 4 hendingar. Det er generelt høgast konsentrasjon av ulykker langs Fv 549 mellom Hegglandvatnet-Våge-Uggdal. Dei restarande trafikkulykkene er spreidd utover vegnettet.

Dei fleste ulykkene i kommunen er knytt til bilulykker, skadeomfang lettare skadd og vegar med fartsgrense 80 km/t. Over 74% av ulykkene er registrert som utforkøyringsulykker. I analyseperioden har det vore 1 hending med skadegrad drepen, 3 med skadegrad alvorleg skadd og 36 med skadegrad lettare skadd.

ABO Plan & Arkitektur, 07.07.2022

## 2 Datagrunnlag

Rapporten er bygd opp med generelle registreringar for heile kommunen, og vidare er hendingar knytt til type ulykke synt med fleire detaljar.

### Ulykkesstatistikk

Informasjon om trafikkulykkene i periode 2011 til 2020 er henta frå Statens vegvesen sin nasjonale vegdatabank (NVDB) og Statens vegvesen trafikkulykkesregister (Trine). Statistikken er avgrensa til ulykker som har skjedd på offentleg eller privat veg, gate eller plass som er ope for allmenn trafikk. Data nytta i rapporten er henta ut 01.06.2022.

NVDB gir ei oversikt over politirapporterte ulykker med personskade i vegtrafikken. Alle ulykker med personskade vert ikkje rapportert inn til Politiet, og kjem følgeleg ikkje med i statistikken og er såleis heller ikkje med i denne rapporten. Det er særleg dei mindre alvorlege ulykkene som er underrepresentert, som t.d. ulykker med ein syklist eller fotgjengar med lettare skade. Ulykker knytt til sparkesykkel og liknande er ikkje ein del av registreringane. I tillegg er ikkje alle hendingar fullstendig utfylt og enkelte opplysningar manglar. Generelt er rapporteringsgraden god for ulykke med alvorleg utfall, samt ulykke som involverer motorkøyretøy.

Det er sannsynleg at det er underrapportering og manglar, også for statistikken i Tysnes. Dette gir at det i realiteten er fleire ulykke enn den offisielle statistikken synar og at det såleis finst fleire ulykkespunkt enn synt i denne rapporten.

### Definisjonar

Definisjon av type ulykke er i nasjonal statistikk delt inn i kategoriane (ref. SSB/NVDB)

- Bilulykke
- MC-ulykke
- Sykkelulykke
- Fotgjengarar og akande

Definisjon av skadegrad er i nasjonal statistikk delt inn i kategoriane (ref. SSB/NVDB)

- Drept: Alle som dør innan 30 dagar etter ulykkesdato av skadar påført i ulykka.
- Meget alvorleg skadde: Personar med skadar av ein slik art at personen sitt liv ei tid er trua eller har skadar som førar til varig og alvorleg mén.
- Alvorleg skadde: Personar med større, men ikkje livstruande skadar.
- Lettare skadde: Personar med mindre brot, skrammar osv. som ikkje treng sjukehusinnlegging.

I rapporten er begrepet ÅDT nytta.

ÅDT, årstdøgntrafikk, er talet på køyretøy pr. døgn. ÅDT talet er eit gjennomsnittstal for dageleg trafikkmengd og vert normalt berekna ut frå trafikkteljingar på ulike dagar gjennom året.

### Befolkningsdata frå Tysnes kommune

I analysen er det brukt befolkningsstatistikk frå SSB.


### Geografiske data

Nøyaktig plassering av kvar enkelt trafikkulykke er ikkje framheva i analysen. Ein har nytta GIS-verktøy for å sjå kor ulykkene samlar seg saman geografisk. I tillegg er det nytta informasjon om vegnettet frå kommunen sitt kartgrunnlag og Nasjonal vegdatabank (NVDB). Samanstilling av data er gjort ved bruk av Qgis.

### 3 Status


#### 3.1 Folketal

Folketalet i Tysnes kommune er per 1. januar 2020 2894 personar. Alder- og kjønnsfordelinga er synt i figuren under.



Figur 1. Alder- og kjønnsfordeling i Tysnes kommune, SSB.

I følge Vestland fylkeskommune sine prognosar vil folketalet i Tysnes kommune auka frå 2894 i 2022 til 3235 i 2045. SSB sine prognosar syner ein meir moderat befolkningsauke frå 2 872 innbyggjarar i 2030 til 2873 innbyggjarar i 2050.




Figur 2: Befolkningsframskrivingar VLFK 2019-2045.




### 3.2 Bebyggelsesstruktur

Kommunen er spreiddbygd kor 39% av befolkninga bur i det som SSB definerer som ein tettstad. Det er til saman 1901 bustadar i kommunen og det er tilnærma like mange fritidsbustadar. Dei høgaste konsentrasjonane av bustadar er i Våge, Uggdal, Onarheim og Lundegrend.



Figur 3: Varmekart som syner konsentrasjon av bustadar i Tysnes kommune. Kjelde data: Martikkelen/Kartverket.



Figur 4: Tettleik av fritidsbustadar.



### 3.3 Type vegar

Figuren under gjev ei oversikt over lokalisering av fylkesvegar og kommunale vegar i Tysnes kommune. Fv549 er hovudferdselsåra gjennom kommunen.




Figur 5: Oversikt over hovudvegnettet.



### 3.4 Trafikktil, ÅDT

Høgast ÅDT er knytt til hovudvegane inn til kommunesenteret Våge. Høgast ÅDT har fylkesveg 549 mellom Ugddal og Våge (1900).




Figur 6: ÅDT på fylkesvegnettet. Kjelde: NVDB, 2020.

## 4 Ulykker i Tysnes kommune

### 4.1 Trafikkulykke og skadeomfang


- Dei siste 10 åra har det vore 1 dødsulykke i Tysnes kommune.
- 3 personar har blitt hardt skadd i ulykke.
- Tal ulykker varierer, men har vore veldig lågt dei siste 3 åra.
- 2017 var eit år med 8 ulykker (høgast i perioden) og året etter var det 0 ulykker (lågast)
- Over 65% av dei registrerte ulykkene er knytt til bilulykker.
- Over 92% av ulykkene har utfall med lettare skadar.
- Over 74% av ulykkene er registrert som utforkøyringsulykker
- Dei fleste ulykkene har skjedd på fylkesveg
- Dei fleste ulykkene har skjedd i område med fartsgrense 80 km/t

I analyseperioden 2011-2020 er det registrert 39 trafikkulykker. Av desse 39 involverte er det 1 drepen, 3 hardt skadd, 36 lettare skadd i perioden. Dei fleste ulykkene i kommunen er knytt til bilulykker i form av utforkøyringsulykker. Trafikkulykker skjer oftast langs vegar med fartsgrense over 80km/t.



Tabell 1: Ulykker fordelt på skadegrad per år i perioden 2011 – 2020.


	Drepen	Hardt skadd	Lettare skadd	Sum
2020	0	0	1	1
2019	0	0	2	2
2018	0	0	0	0
2017	1	0	7	8
2016	0	0	2	2
2015	0	0	4	4
2014	0	1	4	5
2013	0	1	6	7
2012	0	1	5	6
2011	0	0	4	4
Sum	1	3	36	39



Tabell 2: Ulykker fordelt på type kjøretøy per år i perioden 2011 – 2020.


	Fotgjenger	Sykkel	Moped	Lett MC	MC	Personbil	Buss	Varebil	Lastebil	Traktor	Skinne gående	Annet	Ukjent	Sum
2020	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1
2019	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	2
2018	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
2017	0	1	0	0	0	7	0	0	0	0	0	0	0	8
2016	0	0	0	0	0	2	0	0	0	0	0	0	0	2
2015	0	0	1	0	0	3	0	0	0	0	0	0	0	4
2014	0	0	0	0	0	5	0	0	0	0	0	0	0	5
2013	0	0	0	0	4	0	0	1	0	2	0	0	0	7
2012	0	1	0	0	1	4	0	0	0	0	0	0	0	6
2011	0	0	0	0	1	3	0	0	0	0	0	0	0	4
Sum	1	2	2	1	6	24	0	1	0	2	0	0	0	39






Tabell 3: Ulykker fordelt på vegtype per år i perioden 2011 – 2020.

	Europaveg	Riksveg	Fylkesveg	Kommunal veg	Privat veg	Skogsbilveg	Ukjent	Sum
2020	0	0	1	0	0	0	0	1
2019	0	0	2	0	0	0	0	2
2018	0	0	0	0	0	0	0	0
2017	0	0	5	3	0	0	0	8
2016	0	0	2	0	0	0	0	2
2015	0	0	4	0	0	0	0	4
2014	0	0	4	1	0	0	0	5
2013	0	0	4	0	3	0	0	7
2012	0	0	5	1	0	0	0	6
2011	0	0	4	0	0	0	0	4
Sum	0	0	31	5	3	0	0	39



Tabell 4: Ulykker fordelt på fartsgrense per år i perioden 2011 – 2020.

	10	20	30	40	50	60	70	80	90	100	110	Ukjent	Sum
2020	0	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	1
2019	0	0	0	0	1	0	0	1	0	0	0	0	2
2018	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
2017	0	0	0	0	2	1	0	5	0	0	0	0	8
2016	0	0	0	0	0	0	0	2	0	0	0	0	2
2015	0	0	0	0	0	0	0	4	0	0	0	0	4
2014	0	0	0	0	1	3	0	1	0	0	0	0	5
2013	0	0	0	0	4	0	0	3	0	0	0	0	7
2012	0	0	0	0	0	0	0	6	0	0	0	0	6
2011	0	0	0	0	0	3	0	1	0	0	0	0	4
Sum	0	0	0	0	8	7	0	24	0	0	0	0	39



Tabell 5: Ulykker fordelt på ulykkeskode.per år i perioden 2011 - 2020.

	Samme kjøreretning	Motsatt kjøreretning	Kryssende kjøreretning	Fotgjenger/akende	Utforkjøring	Andre ulykker	Sum
2020	0	0	0	0	1	0	1
2019	0	0	0	0	0	2	2
2018	0	0	0	0	0	0	0
2017	0	1	1	0	6	0	8
2016	0	0	0	0	2	0	2
2015	0	3	0	0	1	0	4
2014	0	0	0	0	5	0	5
2013	0	1	0	0	6	0	7
2012	1	1	0	0	4	0	6
2011	2	0	0	0	2	0	4
Sum	3	6	1	0	27	2	39




#### 4.2 Kjønn- og aldersfordeling

- Tal ulykker er likt fordelt mellom menn (20) og kvinner (19)
- Det er berre kvinner som har vore involvert i ulykker med utfallet hardt skadde (3 av 3).



Tabell 6: Ulykker fordelt på kjønn per år i perioden 2011 - 2020.

	Mann	Kvinne	Sum
2020	0	1	1
2019	2	0	2
2018	0	0	0
2017	5	3	8
2016	2	0	2
2015	1	3	4
2014	2	3	5
2013	4	3	7
2012	1	5	6
2011	3	1	4
Sum	20	19	39




Tabell 7: Ulykker fordelt på alder per år i perioden 2011 - 2020.

	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 17 år	18 - 19 år	20 - 24 år	25 - 34 år	35 - 44 år	45 - 54 år	55 - 64 år	65 - 74 år	75 - 84 år	85 år eller mer	Ukjent	Sum
2020	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1
2019	0	0	0	0	0	0	1	0	0	1	0	0	0	2
2018	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
2017	1	1	0	0	0	2	1	0	0	1	2	0	0	8
2016	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	1	0	2
2015	0	0	1	0	0	1	0	1	1	0	0	0	0	4
2014	0	0	1	2	0	0	0	0	0	1	1	0	0	5
2013	0	0	2	0	0	2	1	0	2	0	0	0	0	7
2012	0	2	0	0	1	1	2	0	0	0	0	0	0	6
2011	0	0	0	0	0	0	1	1	0	0	2	0	0	4
Sum	1	3	6	2	1	6	6	2	3	3	5	1	0	39


### 4.3 Tidsfordeling av ulykker

- April, Mai og August er dei månedane med flest trafikkulykker.
- Februar er det ikkje registrert trafikkulykker.
- Av vekedagane er det flest ulykker fredag og laurdag

Flest trafikkulykker skjer i april, mai og august. Om sumaren går statistikken noko ned og vintermånadane er tal ulykker lågare.



Figur 7: Tal ulykker fordelt på måneder




Figur 8: Type ulykker fordelt på vekedagar i Tysnes kommune.



#### 4.4 Geografisk fordeling av trafikulykker

- Det er registrert 39 ulykker i kommunen i perioden 2011-2020.
- Dei fleste ulykkene er knytt til Fylkesveg 549 som kryssar kommunen på langs frå Lukksund/kommunegrensa mot Bjørnafjorden kommune i nordaust til Hodnaneset i sør, totalt 20 hendingar. Vidare er Fv 5086 nest mest utsett med 4 hendingar. Det er generelt høgast konsentrasjon av ulykker langs Fv 549 mellom Hegglundvatnet-Våge-Uggdal. Dei resterande trafikulykkene er spreidd utover vegnettet.
- 29 av ulykkene har skjedd på fylkesveg, 4 på kommunal veg og 2 på privat veg.
- Statens Vegvesen database Nasjonal vegdatabank (NVDB) har ikkje lengre tilgjengeleg statistikk på alvorleghetsgrad (Døde, alvorleg skadd, lettare skadd) eller type køyretøy fordelt på koordinat/punkt. Analysen omfattar dermed ikkje alvorleghetsgrad og type køyretøy.
- Dei fleste ulykkene har skjedd når det har vore god sikt og opphald.



Figur 9: Kart som syner ulykker fordelt på ulykketype i analyseperioden 2011-2020.